



Advokatfirma Mikkel Mundal AS
Hollendergaten 14
5017 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2344 - 14/10383

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Delingssak Gbnr 45/371 Manger - søknad om frådelling - vedtak

Delegasjonssak nr.: 209/2014

SAKSUTGREIING:

Heimelshavar

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen. Advokat Mikkel Mundal AS søker på vegne av heimeshavar.

Tiltak

Det er søkt om deling med føremål tomt til heilårsbustad. Storleiken på arealet er i søknaden oppgjeve til å vere 1000 m².

Dispensasjon

Det er ikkje trong for dispensasjon frå arealføremål.

Dokumentasjon og opplysningar i søknaden

Det vert vist til søknad mottatt 20.08.2014.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innafør det som i reguleringsplan for Selfallet bustadfelt, planID 12602006000400, er definert som område for heilårsbustader.

Uttale frå annan styresmakt


Saka er ikkje sendt på høyring då den er i tråd med plan.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av eigedomen er vist i situasjonsplan datert 19.08.2014.



Vatn og avløp (VA)

Tiltaket skal knytast til offentlig vassverk og privat avløp.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen skal ha avkjørsle i tråd med reguleringsplan.

LOVGRUNNLAG:

Saka skal handsamast etter plan – og bygningslova § 20-1 m om deling.

Vurdering:

Søknad om deling er i tråd med arealføremål satt i reguleringsplan.

Kommunen vil gje samtykke til omsøkt deling med vilkår om at den nye grunneigedomen har tilkomst til tomta, tinglyst rett til bruk av veg og at ein koplpar eigedomen til nytt anlegg for vatn og avløp.

Kommunen set og som vilkår at reguleringsplanen, arealdel og føresegner, vert følgt.

Søknadspliktige tiltak på eigedomen kan berre skje etter godkjent søknad til kommunen.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedtak:

Det vert gjeve løyve til deling som omsøkt med vedlagt kart. Løyvet vert gjeve på vilkår om at reguleringsplan vert følgt. Erklæring om vegrett (andre rettar/plikter) må leggjast fram for kommunen for tinglysning. Dette slik at erklæring kan tinglysast samstundes som den nye grunneigedomen vert oppretta i grunnboka.

Grunngjeving av vedtaket er at føremålet med delinga er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-1m (deling) og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Kjersti Flatråker.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Advokatfirma Mikkel Mundal AS

Hollendergaten 14 5017

BERGEN